



Sommarbåten til NRK, som eigentleg er den gamle hurtigruta Ragnvald Jarl, kjem ikkje innom Kvinnherad denne sommaren sjølv om den har 41 stoppestadar på turen frå Vadsø til Oslo. Dei nærmaste stoppestadane i vårt område vert Stord og Odda.

Til vårt område kjem båten 18. juli til Os og går så vidare til Odda dit den kjem 21, Ulvik er neste stoppestad den 22. og så står Bekkjarvik på lista den 23. Stord er stoppestad 24. juli og så går båten til Haugesund 25. juli.

Båten er no skuleskip når den ikkje er chartra av mellom andre NRK og den heiter Sjøkurs.

I Leirvik er Storm Weather Chanty Choir blant dei som skal spela når Sommeråpent vitjar staden og Billie Van, Jonas Alaska og Mikhael Paskalev står også på spelelista. Det er med andre ord ei skikkeleg oppkjøring mot Festidalen like etterpå.

Tekst og nett: Ola Matti Mathisen
Foto: NRK